



Sunnhordland Prosjektutvikling har ferdigstilt 6 leilegheter på Brekktoppen/Nausthaugen med utsikt mot Storsund og Hardangerfjorden.

Ein oversikt frå Byggesakskontoret i kommunen syner at Uskedalen og Sunde toppar lista over nybygde bustader i 2016, fordelt med 14 bustader på kvar bygd. Det er ikkje registrert nybygde hytter i Uskedalen i året som var.



[Alt er klar for byggesteg 2 i Ospelunden.](#)

Den sterke folketalsauken i Uskedalen i 2016 har klar sammenheng med tilgang på areal og tilrettelagde tomter i bustadfelt. Uskedalen kan syna til eit variert tilbod på tomter, hus og leilegheter. Av leilegheter kan vi syna til Sunnhordland Prosjektutvikling sine husvære i Beinavikjo og på Brekktoppen/Nausthaugen.

Det er ferdigstillte husvære klar for sal i Øvre og Nedre Halsabrotet. Eit eldre velhalde hus i Halsane ligg ute for sal. Det er ledige tomter i Ospelunden og i sentrum. Arbeidet med byggeprosjektet på Stølen går etter oppsett plan.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal